



Smitteutviklinga i Alver

Rapport for perioden 12.-18. januar

Smittetal

Frå og med onsdag 12. til tysdag 18. januar har 225 **personar** fått påvist koronavirus (med PCR-test) i Alver kommune.

Aldersfordeling

Aldersfordelinga for tilfella i perioden 12.-18 januar er slik (runda opp til nærmaste heile tal):

- Under 12 år: 28 %
- 12–15 år: 9 %
- 16-17 år: 2 %
- 18-44 år: 43 %
- 45-64 år: 15 %
- Over 65 år: 3%

Smitteveg

Hovudarenaen for smitte er framleis eigen husstand.

Den andre hovudkategorien er «ukjent smitteveg». Dette betyr at personar som ikkje veit at dei er smittsame, smittar andre dei er i kontakt med.

Utviklingstrekk

Tysdag denne veka fekk vi meld 93 nye smittetilfelle. Smittetala er normalt høgare etter helg, og fleire av desse har testa positivt på hurtigtest i løpet av helga. Auken er venta, og speglar den nasjonale utviklinga. Det er viktig at alle bidreg til å flate ut smittetoppen ved å teste seg ved symptom og følgje dei nasjonale krava til isolasjon, karantene, bruk av munnbind, halde avstand og avgrense tal på nærkontaktar